

13 konsesjonssøknadar behandlast samtidig

22.04.2013

NVE har no kunnngjort at 13 søknadar om byggjing av småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang skal behandlast samtidig og samla belastning for området vurderast. 3 av prosjekta er i Uskedalen - Eikeelva med ein berekna årsproduksjon på 6,5 GWh, Tverrelva med 20,43 GWh og Børsdalselva med 17,1 GWh. Det er to prosjekt til i Kvinnherad - Valedalen og Auno

Søknadsbunken er sendt ut til dei som skal uttala seg og er å finna også i Uskedalen - på SPAR. Høyringsinstansane skal vurdere kvar sak for seg men også alle samla.

Tysdag 14. mai skal det haldast folkemøte om saka på Olalø i Sundal og der vil NVE informere omsaksgangen og dei einskilde prosjekta.

Eikeelva er det minste prosjektet i Uskedalen med eit fall på 228 meter ned til kraftstasjonen 5 meter over havet. Det vert eit tilløpsrøyr på 1600 meter og det er planlagt lagt på austsida av elva. Vassføringa vert redusert på ei 1640 meter lang strekning og det er søkt om minstevassføring på 32 liter i sekundet om sommaren og 18 liter ellers i året. Det skal framleis takast 10-12 liter i sekundet til det lokale vassverket. Firmaet Ecofact har vurdert det biologiske mangfald og har ikkje påvist nokon raudlisteartar eller sjeldne eller trua naturtyper i området.

Tverrelva kraftstasjon skal liggja 30 meter over havet og utnytte eit fall på 510 meter. Ein gamal terskel frå 1970 i Mannsvatnet skal rehabiliterast med høve til 1 meter regulering for kraftutnytting. Det vert bora mikrotunnel dei fyrste 705 meter.

Kraftverket i Børsdalselva vil nytta eit fall på 380 meter og får inntaket i Fagerdalsvatnet dit vatn vert overført med ein kanal frå Kvanngrødtjørn. Fagerdalsvatnet vert regulert 4 meter opp og seinka 1 meter ned. Røygata vert nedgraven i ei 2600 meter lang grøft og kraftstasjonen vert liggjande 150 meter over havet. Vassføringa vert redusert men det er søkt om minstevassføring på 100 og 30 liter i sekundet

Av Ola Matti Mathisen

Les også saka på HusnesNett [her](#)